

Sak til samarbeidsutvalet

Går til: Medlemene av utvala
Utval: Samarbeidsutvalet for Bergesregionen
Dato: 17.09.2020
Sakshandsamar: Prosjektleiari for felles utviklingsplan
Saka gjeld: INNSPEL OG DRØFTING AV TEMA I FELLES UTVIKLINGSPLAN.
Saksnummer: 36/20-2

Bakgrunn:

Den sentrale oppgåva til prosjektet er å **utarbeide ein felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde.**

I samband med arbeidet som var saman med KS konsulentane peika oppsummeringa som vart gjort av SSE på desse tema peika som sentrale:

- struktur og organisering
- kompetanse
- heilskaplege tenester
- samhandlingsleiing -og kultur
- brukarmedverknad

I tillegg har styringsgruppa utvida med eit kulepunkt:

- overordna strategisk grunnlag

Etter denne siste delen av prosjektet starta kom Helse- og omsorgsdepartementet med «HELSEFELLESKAP».

Dette er ei tinging som helseføretaka skal følge opp og levere på. Samstundes vart det inngått ein avtale med KS for å få ei forankring i kommunane. I denne tinginga står det at følgjande skal leggst til grunn:

Prinsipp som helsefellesskapa skal bygge på:

- En tydelegare samarbeidsstruktur.
- Betre felles planlegging.
- Auka samordning.
- Betre prosessar for vedtak/avgjer.
- Tydelege prioriteringar:
 - • Barn og unge
 - • Personar med alvorlege psykiske lidningar og rusproblem
 - • Skrøpeleg eldre
 - • Personar med fleire kroniske lidningar
- Felles forståing av den verkelege no-situasjonen

Drøfting/vurdering:

Som sagt over er oppgåva som skal løysast å utarbeide ein felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling mellom kommunane og spesialisthelsetenesta i Helse Bergen sitt føretaksområde.

Vidare vert venta at utviklingsplan skal peike ut ønskja utvikling/retning for samarbeid/samhandling og kva strategiar og tiltak som er nødvendige for å møte framtidens utfordringar og behov.

I denne samanheng vert det avgjerande viktig at dei rette problemstillingane vert drøfta i høve til den oppsummering som vert peikt på i SSE si oppsummering og dei prinsipp som skal ligge til grunn for helsefellesskapet.

Prosjektleiari ønskjer derfor å utfordre SU/SR til å vere med å peike på tema og problemstillingar som vert sentrale. Som ei konkretisering kan eg kome med nokre døme:

- **Ulike finanseringsmodellar.** Med det meiner eg at spesialisthelsetenesta har aktivitet som eit viktig element i finansieringa medan kommunane har rammer og tenesta vert då i hovudsak eit prioriteringsspørsmål
- **Ulike styringsmodellar.** Med det meiner eg at spesialisthelsetenesta er i stor grad styrt av nasjonale føringar og oppdragsbrev medan kommunane er styrt av lokalpolitiske prosessar og vedtak på politisk plan. (Sjølv sagt er lovverk og føreskrifter vesentlege for begge partar.)
- **Mange autonome einingar.** Med det meiner eg at kvar einskild kommune er stor grad av lokal sjølvstyre. Dette gjeld også i eit vist omfang for ulike institusjonar.
- **Ulik planprosess og planmål.** Med det meiner eg at det er ulik grad av planar hjå dei ulike interessentane. Desse planane vert også utarbeid utan samordnande prosessar knytt til andre delar av helsetenesta.
- **Usikkerheit knytt til å forplikte seg i høve konsekvensar av fellesvedtak.**

Dette er berre nokre problemstillingar som er sentrale i høve fleire av dei problemstillingane som kom fram i tidlegare prosess. Prosjektleiari meiner likevel at dei bør bli sentrale i planen. Det er ønskeleg at dette vert drøfta og at det vert høve til å gi innspel.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Bergensregionen drøfta saka og vil merke:

.....